

Årets nynorsk-kommune 2024:

grunningjeving frå juryen

I år har juryen lagt særleg vekt på arbeidet for at innvandrarar og flyktingar skal få opplæring i og på nynorsk. I mange kommunar med nynorsk som skulespråk er vaksenopplæringa berre på bokmål. Dette gjer at foreldre lærer eit anna språk enn borna sine, noko som kan gjera hjelp med lekser og kontakt med skulen vanskelegare. Opplæring på nynorsk kan lette integreringa i lokalsamfunnet og gjera det enklare for innvandrarar og flyktingar å læra seg den lokale dialekten. Her var vinnarkommunen tidleg ute. Alt i 2002 gjekk han over til å nytta berre nynorsk i vaksenopplæringa. Kommunen har brøytta veg for andre kommunar ved å sjølv omsetja læremiddel til nynorsk og ved å arbeida andsynes forlag og andre for å få læreverv på nynorsk. Dette gjeld også for digitale læringsressursar.

Vinnarkommunen arbeider systematisk for at dei tilsette og folkevalde skal få opplæring i å skriva klårt, tydeleg og korrekt på nynorsk. Her nyttar kommunen ei rekkje verktøy og hjelperåder, som òg er tilgjengelege for publikum på nettstaden til kommunen. I 2016 vart det vedteke ein eigen språkprofil til hjelp for alle som skriv for kommunen, og i kommunikasjonsstrategien er nynorsk og klarspråk sentrale element.

Barnehagane i kommunen er også med i biletet når Kultur- og likestillingsdepartementet heidrar innsatsen for nynorsk. Biblioteket og det lokale mållaget samarbeider for å sikra at alle barnehagar har barnebøker på nynorsk, og for å få nynorsk inn gjennom kulturtilbod, forfattarbesøk og andre arrangement. Skulane bruker nynorske læreverv, og dei krev at læreprogramma som vert brukte, er på nynorsk så langt det let seg gjera.

Kommunen bruker nynorsk aktivt og medvite og legg vekt på å nytta valfridomen i nynorsken slik at skriftspråket vert mest mogleg talemålsnært. Denne tilnærminga gjer at dialekten får eit ekstra ryggstø frå nynorsken, og er med på å halda særmerkte former i bruk.

I samarbeid med næringslivet og andre kommunar i Hardanger er vinnarkommunen ein pådrivar for styrkja hardangeridentiteten og byggja merkevara «Hardanger». Her står nynorsk og dialekt sentralt, saman med andre delar av hardangerkulturen.

Jon Fosse, som er oppvaksen i Strandebarm i vinnarkommunen, er ofte sitert på at han synest det er nedverdige å måtte argumentera for nynorsk. Utsegna er henta frå essayet «Min kjære nynorsk», der Fosse likevel endar opp med å argumentera for nynorsk sjølv. Vi skal ikkje ta heile argumentasjonsrekka her, men avslutninga høver godt:

«Godt målarbeid vil då, slik eg ser det, vere at ein satsar, som no, på nynorskopplæring, på det som blir kalla for skolemålsarbeid og at ein samstundes aukar innsatsen for å

spreie den nynorske litteraturen og for å spreie kunnskap om den, både blant nynorskfolk og anna folk.»

Vinnarkommunen, som kallar seg herad, har satsa på nynorskopplæring. Opplæringa startar alt i barnehagen og held fram gjennom heile skuleløpet og jamvel inn i arbeidslivet, for dei kommunetilsette. Heradet har ynskt folk frå heile verda velkomne inn i nynorsken gjennom vaksenopplæringa. Med Jon Fosse-dagane, Dialektfestivalen og anna kulturarbeid gjer heradet også sitt for å spreia nynorsk litteratur og kunnskapen om han.

Heradet ved Hardangerfjorden har hatt nynorsk som styringsmål sidan 1915 og har arbeidd godt med å ta vare på og utvikla språket sidan då. Prisivinnaren syner i praksis kva ein kan oppnå med jamt, langsiktig og heilskapleg nynorskarbeid.

Kvam herad vinn prisen Årets nynorskkommune 2024 for sitt språklege medvit, for sin aktive bruk av språket og for å invitera verda inn i nynorsken.

I juryen sat

Margrethe Kvarenes, juryleiar (Språkrådet)

Gro Morken Endresen (Noregs Mållag)

Ingvild Kjersti Hjelmtveit (KS)

Svein Olav Langåker (Landssamanslutninga av nynorskkommunar)

Gaute Øvereng (Nynorsk kultursentrum)